

**RAUD VALALLIANSE
OG
SOSIALISTISK VENSTREPARTI**

PROGRAM

for
kommunevalet 1999 i Balestrand



Balestrand - den attraktive småkommunen

Fellesliste RV/ SV:

RV og SV i Balestrand går i år som ved forrige val saman om å stilla liste. I eit lokalval ser vi som det viktigaste å jobba for å utvikla lokalsamfunna våre, ikkje å ri partipolitiske kjepphestar. I perioden vi har bak oss, meiner vi at representantane våre har gjort ein god jobb i lokalpolitikken. Vi håpar å få sjansen til å jobba vidare med å seia frå når ting går for mykje på skakke, bidra til debatt og til lokale aktivitetar. Vi håpar samarbeidet mellom RV og SV skal styrkja denne tendensen i kommunen.

Velkommen du og!

MIDT I SMØRAUGET

Balestrand er ein liten distriktskommune som ligg i utkanten både globalt og nasjonalt. Men det er berre halve sanninga. Vi ligg også midt i verdas lengste fjord, midt i ein turistregion med dramatisk og vakker natur, midt i ei tunnelfri sone, midt i eit varmt klimabelte og midt mellom industristaden Høyanger og administrasjonssenteret Leikanger. Kommunen har massevis av gode kvalitetar for menneske i alle aldrar. Her er gode vilkår for den som vil skapa noko nytt og for den som vil leva og bu med trivsel. Balestrand er ein av dei få kommunane i fylket som aukar folketalet. På mange måtar ligg vi midt i smørauget. Det er berre å bretta opp armene, stå samla og gripa tak i utfordringane!

- Slå ring om Sognabåten!

Det er sterke krefter i fylket vårt som vil leggja ned ekspressbåtsambandet mellom Sogn og Bergen. Dette båtsambandet er umåteleg viktig for regionen vår. Den samlande hovudoppgåva for alle innbyggjarane i Midtre Sogn må vera å sikra vidare drift av Sognabåten. Vi treng dette sambandet både sommar og vinter. Det er samstundes viktig at det blir sett inn meir miljøvennlege båttypar for å få ned drivstoff-forbruket.

Felleslista RV/ SV vil vidare arbeida for:

- samordning av fly og ferjerutene slik at balestreningar kan nytte Haukåsen som flyplass
- styrking av bussrutene for pendlarar både mot Sogndal og Høyanger/Førde
- betre korrespondanse på gjennomgangsrutene.
- fortgang i rassikring av vegen rundt Esefjorden.
- at miljøomsyn vert viktigare enn stor fart i samferdslepolitikken



Vi er alle i same Sognabåten!

- Midtre Sogn som ein bu- og arbeidsregion

Balestrand kommune har krympa sidan forrige val. Mot vårt ynskje valde Fjærland å gå over til Sogndal. Vi har likevel tru på at Balestrand kan fungera godt som eigen småkommune. Men det vil krevja nye løysingar på mange område.

Skal vi unngå kommunesamanslåing, må Leikanger, Balestrand, Vik og Høyanger stå fram som ei samla gruppe, utvikla sitt allsidige næringspotensiale og forsvara felles interesser som *ein* bu- og arbeidsregion. Det må utviklast eit tett og forpliktande interkommunalt samarbeid innanfor mange sektorar.

- Det er råd å spara seg til fant - men er det noko poeng?


Kommuneøkonomien er svært stram i Balestrand. Ein altfor forsiktig politikk i denne situasjonen kan skapa motløyse, pessimisme og stagnasjon. For ein liten kommune kan det fort bli byrjinga på slutten. Vi må difor selja kraftaksjar og investera i varige infrastrukturtiltak som kan gje optimisme og gjera kommunen meir attraktiv og betre rusta til å møte framtidige utfordringar.

- Ja til kreativitet og satsing. Nei til jantelov og bygdejustis!

Skal ein småkommune som Balestrand overleva, må ein halda på yngre innbyggjarar og trekkja til seg nye. Det må det skapast eit klima som står opp under all ideskaping og satsing, og det må stimulerast til samarbeid og samhold. Vi har ikkje råd til jantelov og splid. Bygdeutviklingsprogrammet i Fjordane syner at det er råd å få til prosessar som samlar folk og får positive ting i gang.

Felleslista RV/ SV går inn for å:

- Realisera Vestnorsk Reiselivsmuseum - og ikkje skusla det vekk!
- Vidareutvikla Balestrand som kunstbygd
- Oppretta "næringshage" der moderne IT-teknologi kan gjera at tenesteytande småføretak har base i Balestrand og at pendlarar og andre får ein lettare arbeidssituasjon
- Få fortgang i arbeidet med å leggja til rette ulike areal og lokalitetar som både er framtidsretta og eigna til næringsaktivitet
- Byggja næringsstrategien på den erkjenninga at hjørnesteinsbedrifter ikkje kjem dalande berre det er tilrettelagt areal. Det er berre seigt lokalt arbeid som nyttar!
- Arbeida aktivt for at eksisterande lokale verksemder skal kunna vidareutvikla seg
- Utvikla fora for kompetanseheving, erfaringsutveksling og samarbeid
- Stimulera handverksfaga til betre koordinering og tilgjenge
- Oppretta lærlingeplassar innan både offentleg og privat sektor
- Satsa offensivt på nye etablerarar. Det er lov å mislukkast - og å lukkast!
- Stimulera reiselivsnæringa til å satsa på og utvikla lokal eigenart i produkta sine
- Vidareutvikla klimaavhengige produksjonar som frukt, bær og lauvtrevirke
- Auka omlegginga til økologisk produksjon innan både kjøt, mjølk og grønt
- Stimulera til større lokal vidareforedling innan jord-, hage- og skogbruksnæringa



Kreativitet og satsing!

DEI UNGE MÅ GRO RØTER I BYGDA

Det å sikra gode kvardagsopplevingar til dei som veks opp i Balestrand, er av dei mest framtidsretta investeringane vi kan gjera. Det krev at vi er villige til å ta barn og unge på alvor, gje dei utfordrande og trygge oppvekstmiljø og skapa ein sterk bygdeidentitet. Balestrand må vera i stand til å kalla fram så positive assosiasjonar at ungdom som har vore borte for utdanning, ynskjer å koma tilbake og slå seg ned. Kommunen må difor

- Vidareutvikla kulturskulen. Alle barn som ynskjer det, skal ha eit musikk- eller kunsttilbod på fritida
- Sikra arealet ovanfor Sagatun skule til friområde
- Leggja til rette for allsidige idrettsaktivitetar med å sikre gode idrettsanlegg. Mellom anna bør idrettsbana på Kreklingen opprustast og det bør utgreiast kunstgrasbane

- Tilretteleggja for sandvolleyballbane i Kvamsøy og byggja skateboardrampar ulike stader i kommunen
- Vidareutvikla Saurdalen som skiutfartsområde.
- Få gjennomført 60 km-sone gjennom Kvamsøy
- Utvikla Bygdahuset planmessig som allaktivitetshus med plass til bibliotek, kino, symjebasseng, base for lag og organisasjonar, rusfrie ungdomstilbod m.m.
- Kurstilbod, fritidsaktivitetar og vaksenopplæring som vert arrangert av frivillige organisasjonar må bli betre tilpassa buss-/ taxi frå Lånefjorden og Vetlefjorden.
- Oppretta eit ungdomsråd som bl.a. kan uttala seg i kommunale saker inkl. kommunestyresaker
- Jobba systematisk for å oppdaga mobbing og vantrivsel i tide og setja inn hjelp
- Gjera det tøft å bruka ekte balestrandsdialekt
- Utvikla meir samarbeid på tvers av generasjonane
- Utvikla nære og konkrete samarbeidsprosjekt mellom grunnskule /Sygna og næringslivet i kommunen. Skule og næringsliv vil gjensidig kunna dra nytte av kvarandre.
- Ta vare på eldsjelene i det frivillige organisasjonslivet



Barn - ei framtidretta investering



VI BLIR ALLE GAMLE EIN GONG...

Eldreomsorga må planleggast ut frå korleis dei som planlegg ynskjer å leva i sin eigen alderdom - ikkje ut frå forestillingar om dei eldre sine spesielle behov. Målsetjinga må vere at vi som eldre opprettheld menneskeverdet og sjølvrespekten:

- at vi får vedlikehalda evna til daglege aktivitetar og unngå skapt hjelpeløyse.
- at vi får oppretthalda kontakten med vener og familie og ikkje føler oss isolerte.
- at vi får hjelp til det me treng hjelp til.
- at vi får bu der me ynskjer å bu.

- * Heimetenestene må utvidast, slik at desse blir eit reelt alternativ til institusjonsplass.
- * Vidare utbygging av sjuke- og aldersheimsplassar bør stoppa opp.
- * Det bør i framtida byggast letthaldne alders- og omsorgsbustadar og eldrekollektiv integrert i anna småhusbusetnad
- * For sjuke eller gamle på institusjon må det leggjast like stor vekt på menneskelege trivselstiltak som på kosthald og hygiene. Minnegruppene må halda fram og profilerast t.d. ved stillingsutlysingar.
- * Det bør innførast personellrulling mellom opa omsorg og institusjon for å skapa eit meir utfordrande arbeidsmiljø, redusera sjansane for utbrenning og gje eit allsidig fagleg tilbod til brukarane.

Kontakt med vener er sentralt - også i alderdommen



VI MÅ UTVIKLA OG BYGGJA PÅ VÅR SPESIELLE EIGENART

Balestrand kan berre vera attraktiv som småkommune, dersom vi greier å skapa ein spanande og fargerik stad som tiltrekkjer seg nye folk frå inn- og utland. Ingen bryr seg om ein liten kommune dersom vi blir ein talentlaus kopi av "korsomhelst". Vi må tora å gå våre eigne vegar og utvikla det spesielle nettopp for Balestrand!

- Ein levande sentrumskjerne...

Skal Balestrand bli tiltrekkjande og spesiell nok, må Holmen utviklast til eit levande sentrum også utanom butikketid og turistsesong. Og eit levande sentrum blir det berre der det bur masse folk. Holmen må utvidast og utviklast til ein pulserande sentrumskjerne, til ein kompakt og intim "landsby" med tett småhusutbygging og servicetilbod; til eit strandsitjarmiljø i moderne utgåve. Der mange bur tett og trivst, vil andre koma etter.

Det må bli attraktivt å bu i Balestrand også for familiar og einskildpersonar som

- ynskjer å nytta tida til andre ting enn vedlikehald av ein bustad og hage
 - lever bilfritt og vil ha gangavstand til butikk og andre servicetilbod
 - føretrekkjer eit lettstelt husvære i sosiale omgjevnader i sentrum
 - likar eit "urbant" livsmønster med kunstutstillingar og restaurantar rundt hjørnet
- I eit slikt sentrum vil også nye omsorgsbustader ha sin naturlege plass.

- For å hindra at heilårsbustadar vert selde som fritidseigedomar, må det vera ei streng handheving av 0-konsesjonsregelen.
- Det må innførast 30-km sone i sentrumskjerna.
- Lærargata bør ikkje ha gjennomkøyring.
- Det bør innstillerast fartsreducerande tiltak i Nedrevegen og Lærargata.
- Det bør opprettast felles offentleg servicekontor der både dei kommunale og statlege kontora inngår (sosialkontor, trygdekontor, likningskontor m.m.).



Det urbane livsmønsteret aukar, men saknar tilrettelegging



...og levedyktige grender

Kommunen må arbeida medvite og aktivt for å trekkja til seg unge personar som ser "det gode liv på landet" som ein livskvalitet. Det er viktig at det blir tilrettelagt for frådeling av mini-bruk i grendene, slik at arealressursane der kan gje folketalsvekst og positiv utvikling. Her kan "Luster-modellen" vera eit utgangspunkt. Det er også viktig å vidareutvikla og skapa nye sosiale møteplassar i grendene.

- Ta vare på det visuelle miljøet

Det må bli klarare retningslinjer og gratis arkitekturrådgjeving for nybygg i område med særeigen arkitektur

- Når avfallsplanen blir gjennomført, må kommunen koordinera bygging av felles, skjerma småbygg til avfallsdunkane, gjerne i samband med postkassane ("Kom-Post stasjonar")
- Kommunen må prioritera stell av sine friområde og prydplantingar i sommarhalvåret.
- Arboretet på Lunde må nyttast betre som lokal ressurs med vandringer, informasjon, og opplæring for skule, barnehage, bygdefolk og turistar.



Arkitektur skaper ofte temperatur...



Bruk fellealista til RV og SV!

Dersom du tykkjer om punkta i programmet og ynskjer representasjon av ei liste som vil gå litt utradisjonelle vegar, har me noko viktig felles....

Ynskjer du folk frå RV/SV - lista inn i kommunestyret, så nytt denne lista.

Stryk heller på vår liste og før opp kandidatar frå parti som likevel blir godt representerte.

Godt val!

